

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 01.02.2022
FRÅ: Administrerende direktør
SAKSHANDSAMAR: Ivar Eriksen
SAKA GJELD: **Orientering om lover, forskrifter og myndigheitskrav i perioden 25.11.21 - 31.01.22**

ARKIVSAK: 2022/164
STYRESAK: 003/22

STYREMØTE: 15.02. 2022

Administrerende direktør si orientering pkt. 2

Oversikt over aktuelle lover i perioden 25.11.21 - 31.01.22

Lov	Dato for kunngjering	Kva lova/lovendringa gjeld
Lov om endringar i pasient-journalloven	22.12.21	Lovendringa legg til rette for gjennom forskrift å stille krav til tilgjengeleggjering av og betaling for nasjonale e-helseløysingar mm.
Omtale av nye lover og reglar som tok til å gjelde frå 1. januar 2022 på Helse- og omsorgsdepartementet sitt område, blei publisert som ei nyhendesak på regjeringen.no. 21.12.2021. Saka er kopierte inn avslutningsvis i dette notatet.		

Oversikt over aktuelle nye forskrifter og forskriftsendringar i perioden 25.11.21 - 31.01.22

Forskrift	Dato for kunngjering	Kva forskrifta/endinga gjeld
Covid-19-forskrifta		Det blir jamleg gjort endringar i covid-19-forskrifta. Siste endring er gjort 1. februar 2022. Oppdatert versjon av forskrifta er å finne på

		<p>lovdata; Forskrift om smitteverntiltak mv. ved koronautbruddet (covid-19-forskriften) - Lovdata</p> <p>For oversikt over endringar og andre relaterte tilrådingar, sjå endringslogg til Helsedirektoratet si rettleiar med oversikt over avgjersler og tilrådingar knytt til koronaviruset;</p> <p>https://www.helsedirektoratet.no/veiledere/koronavirus/endringslogg</p>
<p>Forskrift om endring i forskrift om standardar og nasjonale e-helseløysingar</p>	<p>27.12.21</p>	<p>Helse- og omsorgsdepartementet har fastsatt ein forskriftsendring som skal bidra til at fleire verksemder i helse- og omsorgstenesta tar i bruk dei nasjonale e-helseløysingane, helsenettet, kjernejournal, e-resept og helsenorge.no. Desse løysingane skal sikre pasientar og brukarar ein trygg og effektiv helse- og omsorgsteneste. Endringane inneber at verksemdene blir pålagt å bruke løysingane og betale for forvaltning og drift av dei.</p> <p>Helsenettet blir pålagt for alle verksemder som yter helse- og omsorgstenester etter spesialisthelsetenestelova, helse- og omsorgstenestelova, apoteklova og tannhelsetenestelova frå 1. januar 2022.</p> <p>Kjernejournal blir pålagt helseføretak, private sjukehus, kommunal legevakt og fastleger frå 1. juli 2022. Avtalespesialistar frå 1. januar 2024.</p> <p>E-resept blir pålagt helseføretak, kommunal legevakt, fastleger, apotek, bandasjist frå 1. juli 2022, og private sjukehus og avtalespesialistar frå 1. januar 2023.</p> <p>Helsenorge.no – tilgjengeleggjering av tenester for sjølvbetening, dialog og innsyn blir pålagt for helseføretak frå 1. januar 2023.</p>

		<p>Utover plikt til bruk av helsenettet, blir det ikkje innført plikt til bruk av nasjonale e-helseløysingar for den kommunale helse- og omsorgstenesta med unnatak av fastlegar og kommunale legevaktar.</p> <p>Vidare inneber forskriftendringa at kommunar og regionale helseføretak blir pålagt å betale for forvaltning og drift av kjernejournal, e-resept og helsenorge.no frå 1. januar 2022. Kommunen sin betaling dekker fastlegane, og betaling frå regionale helseføretak dekker avtalespesialistane.</p>
--	--	---

Oversikt over andre myndigheitskrav frå Helse- og omsorgsdepartementet i perioden 25.11.21 - 31.01.22

Myndigheitskrav	Dato	Kva saka gjeld
Føretaksmøte i Helse Vest RHF	07.12.21	<p>Det blei den 7. desember 2021 gjennomført felles føretaksmøte med dei regionale helseføretaka for behandling av sak om beredskapssituasjonen og sak om endring i driftskredittramma.</p> <p>Føretaksmøte gjorde i sak om beredskapssituasjonen følgjande vedtak:</p> <p><i>Dei regionale helseføretaka skal leggje regjeringa sin reviderte strategi og beredskapsplan for å handtere covid-19-pandemien til grunn.</i></p> <p>Bodskapen frå føretaksmøte blei vidareformidla til helseføretaka i felles føretaksmøte 21. desember 2021.</p> <p>I sak om endring i driftskredittramma blei det gjort følgjande vedtak:</p> <p><i>Driftskredittramma for Helse Vest RHF for 2021 vert auka med 474 mill. kroner frå 1 690 mill. kroner til 2 164 mill. kroner ved utgangen av 2021.</i></p>
Føretaksmøte i Helse Vest RHF	07.01.22	Det blei den 7. januar 2022 gjennomført føretaksmøte for val av styremedlemmer og fastsetting av styregodtgjering.

Føretaksmøte i Helse Vest RHF	10.01.22	Det blei den 10. januar 2022 gjennomført føretaksmøte for formidling av krav og rammer m.m. for 2022. Protokollen frå føretaksmøtet blir lagt fram for styret i eiga sak.
Oppdragsdokument 2022	10.01.22	Oppdragsdokumentet for 2022 blir lagt fram for styret i eiga sak.

Omtale av lov- og forskriftsendringer på helse- og omsorgsfeltet som tok til å gjelde frå 1. januar 2022.

Rekvirering og utlevering av prevensjon fra helsesykepleier og jordmor

Rekvireringsretten utvides slik at helsesykepleiere og jordmødre også kan skrive ut prevensjon til unge under 16 år.

Pasienters, ledsageres og pårørendes rett til dekning av utgifter ved reise til helsetjenester

Satser i pasientreiseforskriften prisjusteres. Dette innebærer blant annet at kostgodtgjørelsen økes til 244 kroner per døgn og overnattingsgodtgjørelsen til 631 kroner per døgn. Standardsatsen økes til kr 2,80 per kilometer.

Nytt regelverk og takster for stønad til tannbehandling

Takstene er prisjustert med gjennomsnittlig 1,7 prosent.

Endringer i spesialistforskriften